
Persisterande ryggplager, arbeidssituasjon og uføretrygding etter isjiaskirurgi

ARTIKKEL

VALEN B

Sammendrag

373 pasientar som er opererte for lumbalt nukleusprolaps ved avdelinga vår, har gjennomgått oppfølging etter 2-17 år. Målet var å finne kvalitetsindikatorar som komplikasjonar, postoperativ ryggstatus inklusive arbeidssituasjon, eventuelltrygding og kor nøgd pasienten er. Vi brukte spørjeskjema, som 95% av dei spurde returnerte. 58% hadde eller hadde hattrygg- eller isjiassymptom i observasjonstida. 23% hadde skifta til lettare arbeid, og 13% hadde fått uføretrygd. Dei tosiste gruppene har signifikant auka frekvens av både residiv og reoperasjon, og desse pasientane er signifikant mindretilfredse. Dei som skifta arbeid, var signifikant yngre enn resten, og gruppa som fekk uføretrygd var signifikant eldre. Det var ingen signifikant kjønnsforskjell verken for skifte av arbeid eller for trygding. Resultata våresamsvarer godt med andre studiar, som kort blir refererte.

Publisert: 20. mai 1999. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 24. juli 2026.